



Budsjett 2015 – Vedteke i kommunestyret 18.12.2014



Innholdsliste

Overordna kommentarar	s. 3
Inntektsføresetnader	s. 4
Oversikt renter og avdrag - låneportefølgje	s. 4
Framlegg til driftsbudsjett 2014	s. 5
Kommentarar frå einingane	s. 6-7
Investeringsframlegg 2014	s. 8
Kommentarar til investeringsbudsjettet 2014	s. 9 - 11
Budsjettskjema 1A - 1B	s. 12
Budsjettskjema 2A – 2B	s. 13
Sakspapir	s. 14-20

Overordna kommentarar får rådmann

Utgangspunktet for budsjettet 2015 er økonomiplanen for 2015 – 2018. Rammene for tenesteeiningane er basert på tala frå økonomiplanen. Lønsvekst i 2015 er lagt inn med ein samla sum 2,5 millionar. Dette vil bli fordelt ut på einingane når me veit kor mykje det vil utgjere. Budsjettframlegget er gjennomgått med tenesteleiarane og ein del tiltak og grunnlagsendringar er lagt inn slik at ein har kome fram til nye rammer ut frå dette.

Rådmannen har i sitt framlegg lagt inn eit samla investeringsbudsjett på 23,2 mill.

Framlegget til statsbudsjett for 2015 vart lagt fram onsdag 8. oktober. Her er ei kort oppsummering av endringar og forventningar for kommunen ut frå dette framlegget:

- Aurland kommune vil få ein auke i "frie inntekter" (skatt og rammetilskot) frå 2014 til 2015 på 6 % som utgjer 6,2 millionar i nominelle kroner. Årsaken til dette ligg hovudsakleg på befolkningsstruktur i kommunen der vi kjem gunstig ut i kronebeløp, men samtidig tyder dette på at me vil få ein auke i kostnader på kommunale tenester.
- Det blir lagt til grunn ein deflator (vekta løns- og prisvekst) på 3 % på kommunale tenester – herav lønsvekst på 3,3 %.
- Kommunal medfinansiering i samhandlingsreforma blir avvikla – som følge av dette blir skattøyre redusert med 0,15 %.
- Auke samla i frie inntekter må sjåast i samheng med folketalsutvikling og pensjon.
- Styrking av helsestasjon og skulehelseteneste
- Styrking av kommunale tenester til rus og psykiatri
- Auke som følge av meir fleksibelt barnehageopptak
- Auke i investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar
- Auke dagaktivitetstilbod til demente
- Rett til brukarstyrt personleg assistanse for personar under 67 år
- Auka innslagspunkt ressurskrevjande brukarar (frå 1.010.000 til 1.080.000)
- Styrking satsing på vidareutdanning for lærarar
- Kompetanseheving barnehage tilsette
- Endra sosial profil på foreldrebetaling i barnehagane
- Auke investeringsramme rentekompensasjon skule- og symjeanlegg

Når det endelege statsbudsjettet ligg føre vil vi ta ein gjennomgang på kva Aurland kommune bør gjere av tiltak for at desse forventningane blir best muleg ivaretekne.

Det er føreslege sett av 2,7 millionar til eit vedlikehaldsfond utanom den ordinære ramma til kommunal driftseining. Tanken er at dette skal brukast til ekstra vedlikehald og at drifts- og eigedomsutvalet i samråd med eininga lagar ei prioritert liste over tiltak innanfor denne summen. Det er også sett av 1 million til prisreguleringsfond. Dette er hovudsakleg tenkt brukt til å dekke auke i prisane på avtalar og vil bli fordelt gjennom året. Når det gjeld andre endringar viser me til kommentarar under einingane.

Inntektsføresetnader

Skatteinntekter

Skatteinntekter er lagt inn med kr 70.000.000 som er i tråd med siste prognose frå KS som kom etter framlegget til statsbudsjettet for 2015.

Rammetilskot

Rammetilskotet er lagt inn med 39.900.00 mill som er i tråd med siste KS – prognose som er oppdatert etter framlegget til statsbudsjettet for 2014. Me viser her til oversikt over endra oppgåver i overordna kommentarar.

Eigedomsskatt

Ut frå oversikt frå Sentralskattekontoret vil eigedomsskatten på kraftverk bli redusert med kr 500.000 . Dette medfører ein samla reduksjon frå 55,8 millionar til 55,3 millionar.

Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgifta vart auka frå 14,0 mill til 15,3 mill i 2014. Auken kjem som følge av indeksregulering. Neste indeksregulering blir i 2019.

Andre generelle statstilskot

Dette er i hovudsak tilskot frå Husbanken som gjeld rentekompensasjon på investeringar innan pleie og omsorg og skule. Tilskotet er renteavhengig og er lagt inn med 1,8 millionar i 2015.

Sal av konsesjonskraft

Vi har vidareført avtalen med Aurland Energiverk som medfører eit påslag på 10 øre pr kwh på alminneleg forsyning. Det overskytande blir selt tilbake til E – Co til marknadspris. Det er lagt inn 6,6 millionar i overskot på dette som er i tråd med budsjettet for 2014..

Utbyte

Det er lagt inn utbyte frå Aurland Energiverk AS med 7,5 mill og frå Aurland Ressursutvikling AS med 2,5 mill.

6 mill av utbyttet frå Energiverket er tilført konsesjonsavgiftsfondet, medan utbyttet er avsett til utviklingsfond.

Renter/avdrag – sjå tabell under

Låneportefølgje

Lånenr	31.12.2014	Avdrag 2015	31.12.2015	Renter 2015	Låneform	Rentesats
24519371 KOMMUNALBANKEN II	9 350 000	748 000	8 602 000	224 400	Flytande	2,50 %
24519372 KOMMUNALBANKEN	24 960 000	1 920 000	23 040 000	600 000	Flytande	2,50 %
24519373 KOMMUNEKREDITT	11 143 814	1 061 316	10 082 498	265 329	Flytande	2,50 %
24519374 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20080412	5 250 000	375 000	4 875 000	126 563	Flytande	2,50 %
24519375 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20080413	4 775 220	375 000	4 400 220	114 693	Flytande	2,50 %
24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4	5 625 000	375 000	5 250 000	135 938	Flytande	2,50 %
24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4	5 625 000	375 000	5 250 000	135 938	Flytande	3,00 %
24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248	11 276 250	727 500	10 548 750	399 398	Bunden rente	3,66 %
24519380 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20110174	6 715 500	407 000	6 308 500	162 800	Flytande	2,50 %
24519381 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20130561	1 710 000	90 000	1 620 000	41 625	Flytande	2,50 %
24519382 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140012	3 900 000	200 000	3 700 000	95 000	Flytande	2,50 %
24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565	12 000 000	480 000	11 520 000	352 800	Bunden rente	2,50 %
24531003 KOMMUNALBANKEN	3 500 000	1 000 000	2 500 000	137 700	Bunden rente	4,59 %
Nytt lån til investeringar	-	-	6 650 000	100 000	Flytande	2,50 %
TOTALT	105 830 784	8 133 816	104 346 968	2 892 182		

Vedteke driftsbudsjett 2015

DRIFTSOVERSIKT				
	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2015	Budsjett 2015
(Tal i 1000 kr)	(etter endringar)	Framlegg	Framlegg	Vedtak
		frå rådmannen	frå form.skapet	komm.styret
Skatt på inntekt og formue	70 400	70 000	70 000	70 000
Rammetilskot	35 800	39 900	39 900	39 900
Eigedomsskatt	55 800	55 300	55 300	55 300
Konsesjonsavgift	15 300	15 300	15 300	15 300
Andre statlege overføringar	1 200	1 800	1 800	1 800
SUM FRIE INNTEKTER	178 500	182 300	182 300	182 300
Renteinntekter	1 600	2 000	2 000	2 000
Utbyte	2 500	10 000	4 000	4 000
Renteutgifter lån	-3 100	-3 000	-3 000	-3 000
Netto renteutgifter/-inntekter	1 000	9 000	3 000	3 000
Mottekne avdrag på lån	3 500	3 000	3 000	3 000
Avdragsutgifter lån	-7 500	-8 000	-8 000	-8 000
Netto avdragsutgifter	-4 000	-5 000	-5 000	-5 000
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-3 000	4 000	-2 000	-2 000
TIL FORDELING	175 500	186 300	180 300	180 300
Til driftsrammer:				
Politisk leiging	3 093	3 243	3 243	3 243
Sentraladministrasjon og kultur	14 973	14 973	14 973	14 973
Aurland barne og ungdomsskule	19 416	18 766	19 366	19 366
Kommunale barnehagar	9 123	8 323	8 323	8 323
Flåm skule	6 575	6 426	6 576	6 576
Helse og førebyggjande	7 500	8 600	8 600	8 600
NAV Aurland	7 871	7 871	7 871	7 871
Barnevern	3 788	3 788	3 788	3 788
Pleie og omsorg	55 841	48 001	48 001	51 001
Kommunal driftseining	26 203	23 903	23 903	23 903
Nøytrale inntekter / utgifter	10 724	10 373	10 373	10 373
Sal av konsesjonskraft	-6 600	-6 600	-6 600	-6 600
Lønssoppgjær (blir fordelt)	-	2 500	2 500	2 500
Sum fordelt til driftsrammer	158 507	150 167	150 917	153 917
Disposisjonar:				
Avsetning til disposisjonsfond	-80	-833	-833	-833
Avsetning til konsesjonsavg.fond	-19 600	-24 300	-18 300	-18 300
Avsetning til kompetansehevingsfond		-300	-300	-300
Avsetning til utviklingsfond		-2 500	-2 500	-2 500
Avsetning til HMT-fond		-300	-300	-300
Avsetning til helse og omsorg		-800	-800	-800
Avsetning auka ressurskrevande brukarar		-1 000	-1 000	-1 000
Avsetning til prisreguleringsfond		-1 000	-1 000	-1 000
Avsetning til auka pensjonskostnader	-250	-1 000	-1 000	-1 000
Avsetning til vedlikehald eigedomar	-	-2 700	-2 700	-2 700
Bruk av disposisjonsfond	2 567			3 000
Bruk av lånefond	1 000	1 000	1 000	1 000
Overføring til investering (driftsoverskot)	-630	-2 400	-1 650	-1 650
Netto disposisjoner	-16 993	-36 133	-29 383	-26 383
Balanse	-	-	-	-

KOMMENTARAR TIL EININGANE (rådmannen sitt framlegg)

Ansvar 100 (politiske organ)

Politiske organ er vidareført som i 2014. Det er lagt inn 150.000 ekstra på grunn av valet i september.

Ansvar 110 (sentraladministrasjon og kultur)

Det er lagt inn ein samla reduksjon i rådmannsstaben knytt til organisering av oppvekstområdet på 300.000 i 2015.

Rekneskapssamarbeidet med Lærdal vil bli redusert i 2015 og vil medføre reduserte inntekter på 300.000. Det vil bli gjort ein gjennomgang av oppgåver i denne avtalen i løpet av 1. tertial 2015. Avlevering til fylkesarkivet vil halde fram i 2015, dette blir dekket av fond til alt er avlevert.

Ansvar 210 (Aurland Barne- og ungdomsskule og vaksenopplæring)

Ansvar 210 har desse tenestene: ABU-grunnskule, ABU-sfo, Vaksenopplæringa og ABU-skuleskys.

Det er lagt inn ein reduksjon på eitt årsverk frå hausten 2015. Konsekvensen av dette vil vere redusert spesialundervisning i tillegg til noko redusert tenestekvalitet i timane.

Ansvar 220 (barnehagar)

Skjerpning barnehage er nedlagt og dette er innarbeidd i budsjettet.

Det er gjort vedtak om at det skal vere ein barnehage i Aurland og ein i Flåm. Ein sakskomite har jobba med lokalisering av ny barnehage i Aurland sokn. For 2015 er det innarbeidd ein viss effektivisering ressursmessig. Det har vore stor auke i søkjarar til småbarnsavdelinga og kapasiteten er no fullt utnytta i alle barnehagane i kommunen.

Ansvar 230 (Flåm skule)

Det er lagt inn ein reduksjon på kr 150.000 i personalressursar i 2015. Dette vil medføre mindre delingstimar i ein del fag.

Ansvar 300 (Helse og førebyggjing)

Netto budsjetttramme for ansvar 300 (helse og førebyggjing) er 8,6 millionar.

Det er budsjettet med ny legestilling i kommunen. Det er ein føresetnad for stillinga at Aurland kommune tek på seg tilsynlegefunksjonen ved ø-hjelpesengene ved Sogn Lokalmedisinske senter (Sogn LMS)

Det er budsjettet med 1,4 mill i kommunal eigendel for tenester ved Sogn LMS i 2015.

Fysioterapitenesta blir vidareført med to faste stillingar pluss turnuslege

Ekstern evaluering av helsestasjonstenesta og det tverrfaglege og førebyggjande arbeidet.

Ansvar 301 (NAV)

NAV er vidareført på same nivå som i 2014.

Ansvar 302 (barnevern)

Barnevernsamarbeidet med Lærdal er vidareført som for 2014.

Ansvar 310 (pleie og omsorg)

Kostnader i samband med medfinansiering av samhandlingsreforma på ca 2,5 mill pr år som tidlegare vart belasta pleie og omsorg blir frå 2015 trekt i rammetilskotet og er difor trekt ut frå budsjettet til pleie og omsorg.

Det er lagt inn reduksjon i kjøp av tenester på 1,5 millionar i 2015. Dette er lagt inn som effekt av investering og redusert kjøp av tenester for psykisk utviklingshemma og psykiatri. Det er lagt inn 200.000 ekstra til dagtilbod demente, vidare er det lagt inn 50.000 til brukarundersøkingar og 150.000 til telemedisinske løysingar.

Ansvar vil bli gjennomgått og kartlagt med tanke på utfordringar økonomisk innan ordinær drift og ressurskrevande brukarar i løpet av 1. tertial 2015.

Ansvar 500 (kommunal driftseining /brann)

Ramma er redusert med 300.000 som følge av redusert drift av symjehall. Elles er ramma vidareført. 2,7 millionar er avsett til fond for vedlikehald og vil bli brukt i løpet av året gjennom vedtak av drifts- og eigedomsutvalet.

Det vil også bli ei endring i koordinering av brannområdet. Frigjorte midlar blir omprioritert til andre område innan eininga.

Ansvar 900 – Nøytrale inntekter/ utgifter

Båtskyss Aurland – Sogndal

Kostnader til båtskyssen er vidareført fram til juli 2015 med netto kr 1.750.000 som er dekkja av konsesjonsavgiftsfondet.

Nynorske litteraturdagar

Det er budsjettet med 400.000 i 2015 som blir dekkja over konsesjonsavgiftsfondet. Tilskot blir utbetalt etter søknad.

Stiftinga Otternes.

Støtte blir gjeve som tilskot etter søknad.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Det er vidareført med kr 200.000 i velferdstiltak.

Kyrkjeleg fellesråd

Det er lagt inn 250.000 til vedlikehald Vangen kyrkje. Elles er tilskot vidareført på nivå med 2014 inklusive lønssstigning.

Dei andre kostnadane på ansvar 900 er vidareført på dagens nivå

INVESTERINGSBUDSJETT 2014

Tiltak	Økonomiplan	Framlegg frå rådmann	Framlegg frå form.skapet	Vedtak komm.styret
Aktivitetshus avlastning/personal	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Oppgradering leikeanlegg	250 000	250 000	250 000	250 000
Branntiltak Flåm barnehage	400 000	400 000	400 000	400 000
Høgdebasseng Nedre Fretheim	1 950 000	-	-	-
Høgdebasseng Utbygdi	700 000	700 000	700 000	700 000
Forprosjekt symjehall	1 000 000	-	-	1 000 000
Vegutviding Onstad bru Onstadsida	500 000	500 000	500 000	500 000
Turveg Heggviki Bøen	400 000	-	-	400 000
Banebelysning fotballbana	1 000 000	1 000 000	250 000	1 000 000
Oppgradering heradshuset	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Ventilasjon Heradshus og rådhus	500 000	500 000	500 000	500 000
Tilrettelegging bustadfelt Fretheimshaugane	300 000	300 000	300 000	300 000
Rassikring Nedre Brekke Flåm	4 500 000	4 500 000	4 500 000	4 500 000
Skredsikring Åtnes	1 600 000	1 600 000	1 600 000	1 600 000
Skredsikring Smiebakken	500 000	500 000	500 000	500 000
Skred- og flaumsonekartlegging Undredal	300 000	300 000	300 000	300 000
Areal Ty	300 000	300 000	300 000	300 000
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	500 000	500 000	500 000	500 000
Utskifting gatelys	600 000	600 000	600 000	600 000
Oppgradering veg Ryum	2 700 000	-	-	2 700 000
Hjullastar	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Skifte av køyretøy/maskiner	300 000	300 000	300 000	300 000
Opprusting Flåm kyrkje	-	-	-	4 000 000
Tilrettelegging næringsareal	-	-	-	500 000
Breiband Underdal	2 800 000	2 800 000	2 800 000	2 800 000
IKT - investeringar	800 000	800 000	800 000	800 000
Eigenkapitalinnskot KLP	350 000	350 000	350 000	350 000
Sum tiltak:	29 250 000	23 200 000	22 450 000	31 800 000
FINANSIERING:				
Tiltak	Økonomiplan	Framlegg frå rådmann	Framlegg frå form.skapet	Vedtak komm.styret
Mva refusjon	-5 260 000	-4 000 000	-4 000 000	-5 870 000
Sal av bygg	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Lån	-2 650 000	-2 650 000	-2 650 000	-6 650 000
Tilskot ENØK - tiltak heradshuset	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Refusjonar skredsikring	-900 000	-900 000	-900 000	-900 000
Tilbakebetaling lån Fylket (Bjørngavegen)	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Bruk av konsesjonsavgiftsfondet	-7 200 000	-2 410 000	-2 410 000	-5 890 000
Tilskot breiband Underdal	-2 340 000	-2 340 000	-2 340 000	-2 340 000
Overført frå drift	-2 400 000	-2 400 000	-1 650 000	-1 650 000
Sum finansiering	-29 250 000	-23 200 000	-22 450 000	-31 800 000

Kommentarar frå rådmann til investeringsbudsjett 2015

Framlegg til Investeringsbudsjett for 2015 er ført opp med 23,2 mill kr. Budsjettframlegget frå rådmannen er redusert med ca 6 millionar i høve framlegget til økonomiplan. Dette fordi ein vil ha kapasitetsproblem for å gjennomføre alt når ein i tillegg har fått utfordringane med oppbygging etter flaumen. Dei investeringane som er tekne ut er tenkt "skyvd på" til ein har kapasitet.

Investering aktivitets hus - avlastning/personal

Tiltaket er ei oppfølging av reguleringsendring for Helgheim som er under arbeid, samt kommunedelplan for helse og omsorg. Tiltaket er ei investering for å kunne frigje husvære i Vårdraum og Vetleli. Tiltaket vil gje ei innsparing i drifta knytt til Vårdraum og Vetleli. Investeringa er lagt inn med 3 mill i 2015 og 4 mill i 2016.

Høgdebasseng Nedre Fretheim

Tiltaket omfattar nytt høgdebasseng som skal erstatte eksisterande basseng. Tiltaket vil sikre brannreservar og levering av vatn til cruiseskip. Høgdebassenget vil avlaste eksisterande høgdebasseng på øvre Fretheim og som då kan forsyne utvida bustadfelt på Fretheimshaugane.

Tiltaket er i framlegget teke ut av 2015 – budsjett og utsett til seinare – jamfør kommentarar over.

Høgdebasseng Utbygdi

Tiltaket omfattar nytt høgdebasseng med tilhøyrande framføringsleidningar som gjer detmogleg å utvide bustadfelt på Ty, samt seinare utbygging av Smiebakken bustadfelt. Det er sett av kr 700 000 i 2015 og to mill i 2017.

Heradshuset

Det skal prosjekterast og installerast nytt ventilasjonsanlegg i Heradshuset, for å sikre tilfredstillande arbeidsmiljø i bygget. Samstundes so vert det utført vurderingar i høve tiltak mot radon og tiltak på øvrige tekniske anlegg der levetida er ute. Det er sett av 2,5 mill i 2015.

Ventilasjonsstyring rådhuset

Tiltaket omfattar utskifting av styringsanlegg for ventilasjon for å sikre optimal drift og kjøling i sommarhalvåret. I tillegg vert det lagt opp til felles styring av ventilasjon i Heradshuset.

Overtaking Ytstebøen bustadfelt

Aurland kommune har overteke privat bustadfelt på Ytstebøen. Tilstandsrapportar syner at det er større tiltak som må utførast før feltet er ferdigstilt. Det er naudsynt med strakstiltak for oppgradering og sikring av teknisk infrastruktur, murar og gatelys. Det er sett av kr 500 000,- i 2015 til strakstiltak på veg. I perioden 2016 - 2018 vert det tilrådd tiltak med oppgradering av vatn og avlaup, samt sikringsarbeid til kr 4,350 mill. Det må reknast med ytterlegare løyvingar i neste planperiode til slutføring av desse arbeida.

Utskifting av gatelys

Dagens gatelys (lyspærer) går ut av produksjon innan to år. Desse gatelysa er energikrevjande og det er stort etterslep på utskifting av defekte gatelys. Det er planar om å skifte ut eksisterande pærer med LED - belysning. Dette vil gje betydelege innsparingar på straumforbruk. Samla kostnad med utskifting er vurdert til 1,8 mill, fordelt over perioden 2015 - 2017.

Oppgradering veg Ryum

Vegstrekinga har store skadar som følgje av bevegelsar i grunnen. Det vert sett av midlar til oppgradering av vegstrekinga. Oppgraderinga omfattar nye murar og nytt berelag og asfaltering. Det er sett av kr 2,7 mill i 2015.

Tiltaket er i framlegget teke ut av 2015 – budsjett og utsett til seinare – jamfør kommentarar over.

Utskifting hjullastar

Eksisterande hjullastar er frå 1998 og det er store kostnadar knytt til vedlikehald/reperasjonar. Hjullastaren vert i dag nytta på miljøstasjon, til drift av kommunale vegar og beredskapsfunksjon. All røynsle syner at det er særst viktig å ha tilgang til eigen kommunal hjullastar i samband med skred/flaum situasjonar og andre hendingar. Det er sett av kr 1,5 mill til kjøp av ny hjullastar.

Skifte av køyretøy

Investeringa skal nyttast til utskifting av køyretøy i dei ulike tenesteeiningane. Fleire køyretøy er av eldre dato og bør skiftast ut både av omsyn til trafikktryggleik og nye miljøkrav. Både innan heimesjukepleie og kommunal driftseining kan det vere aktuelt å nytte el/hybridløysingar, jf klimaplan for Aurland kommune. Pleie og omsorg har fått på plass ein el-bil i 2014. Totalt har kommunen om lag 25 køyretøy.

IKT - investeringar

IKT investeringar vert vidareført med same årlege sum på kr 800 000,-. Tiltaka omfattar mellom anna nytt telefonisystem, oppgradering av e-post system, utskifting av arbeidsstasjonar, skrivarar og nettverkssystem, samanslåing av basar på barnevern, samt modular i Visma. Desse prosjekta vil binde opp dei 800 000,- for 2015, slik at det er lite rom for andre naudsynte tiltak som eventuelt dukkar opp

Kommentarar til finansiering av investeringar:

Mva-refusjon

Frå 2014 går all mva-refusjon direkte inn som finansiering av investeringane. Tidlegare gjekk dette innom drift og ein trengte ikkje nødvendigvis føre alt over igjen til investeringsrekneskapen.

Sal av bygg

Det er forslag om gjennomgang og sal av industribygg.

Refusjonar

Det blir jobba med diverse aktørar i samband med prosjektet om skredovervaking i Flåmsdalen.

Tilskot breiband Underdal

Dette er stadfesta.

Konsesjonsavgiftsfondet

Redusert bruk for å bygge opp igjen fondet.

Lån

Finansiering av sjølvkostinvesteringar (vatn og avløp) er tenkt lånefinansiert. Kostnader til renter og avdrag på desse låna skal kome inn igjen som auka brukarbetalingar frå abonnentane.

Overført frå drift

Driftsoverskot etter avsetningar er overført til finansiering av investeringar.

STANDARD RAPPORTAR ETTER BUDSJETTFORSKRIFTENE (Skjema 1A, 1B, 2A og 2B)

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Budsjettskjema 1A - drift			
Skatt på inntekt og formue	69 536 743	70 400 000	70 000 000
Ordinært rammetilskudd	34 150 000	35 800 000	39 900 000
Eigedomsskatt	54 630 875	55 800 000	55 300 000
Andre direkte eller indirekte skatter	14 094 062	15 300 000	15 300 000
Andre generelle statstilskudd	1 143 098	1 200 000	1 800 000
Sum frie disponible inntekter	173 554 778	178 500 000	182 300 000
Renteinntekter og utbytte	6 066 552	4 100 000	6 000 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)			
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	3 460 279	3 100 000	3 000 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)			
Netto avdragsutgifter	7 329 896	4 000 000	5 000 000
Netto finansinnt./utg.	-4 723 623	-3 000 000	-2 000 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk			
Til ubundne avsetninger	5 790 000	330 000	10 433 000
Til bundne avsetninger	18 466 103	19 600 000	18 300 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk			
Bruk av ubundne avsetninger	1 066 657	3 567 000	4 000 000
Bruk av bundne avsetninger	14 262 593		
Netto avsetninger	8 926 853	16 363 000	24 733 000
Overført til investeringsbudsjettet	4 583 406	630 000	1 650 000
Til fordeling drift	155 320 896	158 507 000	153 917 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	154 453 932	158 507 000	153 917 000
Mindreforbruk	866 964	-	-

	Budsjettskjema 1 B	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
		2013	2014	2015
100	POLITISKE ORGAN	2 619 768	3 093 000	3 243 000
110	RÅDMANNSFUNKSJON	13 252 420	14 973 000	14 973 000
210	ABV	18 327 743	19 416 000	19 366 000
220	BARNEHAGAR	9 577 096	9 123 000	8 323 000
230	SUF	6 263 392	6 575 000	6 576 000
300	HELSE OG FØREBYGGJING	7 222 605	7 500 000	8 600 000
301	NAV AURLAND (kommune)	7 491 599	7 871 000	7 871 000
302	BARNEVERN	3 248 415	3 788 000	3 788 000
310	PLEIE OG OMSORG	51 548 090	55 841 000	51 001 000
500	KOMMUNAL DRIFTSEINING	26 402 390	26 203 000	23 903 000
900	NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER	11 466 167	10 724 000	10 373 000
901	PENSJON	-160 142	-	
	SUM TENESTEININGANE	157 259 543	165 107 000	158 017 000
910	KONSESJONSKRAFT (kjøp/sal)	-7 224 971	-6 600 000	-6 600 000
	AVSETT TIL LØNSOPPGJER	-		2 500 000
810	MVA KOMP INVESTERINGAR	-1 940 915		
810	OVERORDNA INNTEKTER/UTGIFTER	7 227 240		
	TOTALT FORDELT TIL DRIFT	155 320 897	158 507 000	153 917 000

Budsjettskjema 2A - investering	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015
Investeringer i anleggsmidler	16 300 400,00	30 560 000,00	31 450 000,00
Utlån og forskutteringer	4 285 770,00	-	
Kjøp av aksjar og andeler		350 000,00	350 000,00
Avdrag på lån	301 433,00		
Avsetninger	27 589,00		
Årets finansieringsbehov	20 915 192,00	30 910 000,00	31 800 000,00
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	5 416 000,00	16 000 000,00	6 650 000,00
Inntekter fra salg av anleggsmidler	2 088 938,00	2 630 000,00	5 000 000,00
Kompensasjon for meirverdiavgift		6 155 000,00	5 870 000,00
Tilskudd til investeringer	-		3 740 000,00
Mottekne avdrag på utlån og refusjoner	4 832 848,00	4 845 000,00	3 000 000,00
Andre inntekter			
Sum eksternt finansiering	12 337 786,00	29 630 000,00	24 260 000,00
Overført fra driftsbudsjettet	4 583 406,00	630 000,00	1 650 000,00
Bruk av avsetninger	3 994 000,00	650 000,00	5 890 000,00
Sum finansiering	20 915 192,00	30 910 000,00	31 800 000,00
Udekket/udisponert	-	-	-

Budsjettskjema 2 B INVESTERINGAR	
Tiltak	Vedtak
	komm.styret
Aktivitetshus avlastning/personal	3 000 000
Oppgradering leikeanlegg	250 000
Branntiltak Flåm barnehage	400 000
Høgdebasseng Utbygdi	700 000
Forprosjekt symjehall	1 000 000
Vegutviding Onstad bru Onstadsida	500 000
Turveg Heggviki Bøen	400 000
Banebelysning fotballbana	250 000
Oppgradering heradshuset	2 500 000
Ventilasjon Heradshus og rådhus	500 000
Tilrettelegging bustadfelt Fretheimshauga	300 000
Rassikring Nedre Brekke Flåm	4 500 000
Skredsikring Åtnes	1 600 000
Skredsikring Smiebakken	500 000
Skred- og flaumsonekartlegging Undredal	300 000
Areal Ty	300 000
Overtaking Ytstebøen bustadfelt	500 000
Utskifting gatelys	600 000
Oppgradering veg Ryum	2 700 000
Hjullastar	1 500 000
Skifte av køyretøy/maskiner	300 000
Opprusting Flåm kyrkje	4 000 000
Tilrettelegging næringsareal	500 000
Breiband Underdal	2 800 000
IKT - investeringar	800 000
Eigenkapitalinnskott KLP	350 000
Sum tiltak:	31 050 000



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
086/14	Formannskapet	04.12.2014
087/14	Kommunestyret	18.12.2014

Saksansvarleg: Reidar Johnsen

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
14/273-11	K1-151	Reidar Johnsen, 57 63 29 40	11.12.2014

Budsjett 2015

Kort samandrag

Etter ein haust med flaum og mykje styr
kjem eit budsjett med kostnader og gebyr
stort sett er det av same sorten
som budsjettet for 2014

Rådmannen si tilråding:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med tabell "Framlegg driftsbudsjett 2015" på side 5 i budsjettdokumentet og i samsvar med budsjettskjema 1A og 1B på side 12 i dokumentet.
2. Investeringsbudsjettet blir vedteke i samsvar med tabell "Investeringar 2015" på side 8 i budsjettdokumentet og i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B på side 13 i dokumentet.
3. Inntektsskatt og formueskatt til kommunen blir sett i samsvar med vedteke statsbudsjett. Marginavsetjing blir sett til 10 % av innbetalt skattebeløp.
4. Eigedomsskatt på verk og bruk vert å skrive ut med 7/1000 av takst eller likningsverdi.
5. Satsar på brukarbetaling blir vedteke i samsvar med gebyrhefte. For vatn og avløp er satsane uendra. Feieavgift er auka med kr 100. Gebyr for lokal godkjenning av ansvarsrettar i byggesaker vert auka frå kr 439,- til kr 900,-. For dei andre er det lagt inn ein generell auke som er lik kostnadsdeflatoren (forventa prisvekst) på 3,3 %. Det er gjort nokre avrundingar.
6. Renovasjonsgebyr til Simas: Auke i renovasjonsgebyret på 2,5 %. Slangegebyr er uendra. Dette er i tråd med framlegg til driftsbudsjett vedteke av representantskapet i Simas IKS.
7. Det blir teke opp lån med kr 2.650.000 i 2015 til investeringar. Rådmannen får fullmakt til å inngå lånevilkår.
8. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå lønsreguleringsfondet til einingane når lønsoppgjeret for 2015 er klart.
9. Rådmannen får fullmakt til å disponere avsetningar til prisreguleringsfond, HMT – fond og kompetansehevingsfond gjennom året.
10. Drifts- og eigedomsutvalet får fullmakt til å disponere avsetning til vedlikehaldsfondet.

04.12.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møte:

Driftsbudsjett:

Framlegg frå Noralv Distad:

Utbyte :

Aurland Energiverk AS vert redusert til 1.5 mill kr. Avsetning til konsesjonsavgifts-fondet vert redusert tilsvarande. 3 røyster

Ansvar 110: Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak med styrking av personalarbeidet. *Vedteke mot 1 røyst*

Framlegg frå Terje Horvei:

Ansvar 210 Ramme vert auka med kr. 600.000,- Samrøystes

Ansvar 230 Ramma vert auka med kr. 150.000,- Samrøystes

Framlegg frå Noralv Distad:

Ansvar 310 Ramma vert auka med 3 mill kr. Inkludert i dette er 350.000,- til gjennomgang og organisering av drift, i samsvar med vedtak i sak 045/14 i OOK

2 røyster

Ansvar 900:

Båtskyss Aurland – Sogndal vert auka med 1.5 mill kr. *Vedteke mot 2 røyster*

Næringsarbeid 700.000,- *Samrøystes*

Framlegg frå Noralv Distad:

Budsjettet blir saldert med at overføring til investering med kr. 750.000,- og resten med avsetjing til konsesjonsavgiftsfondet

Det vart røysta over resten av driftsbudsjettet : *Samrøystes*

Noralv Distad forlot møtet etter handsaming av driftsbudsjettet.

Investeringar:

Framlegg frå Terje Horvei:

Banebelysning fotballbana vert redusert med 750.000,- *Samrøystes*

Det vart røysta over resten av investeringsbudsjettet: *Samrøystes*

Monica Finden kom inn som vara for Noralv Distad etter handsaming av investeringsbudsjettet.

Rådmannen si tilråding

Det var så røysta over pkt. 3 – pkt 10 : Samrøystes

FS-086/14 VEDTAK:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med tabell "Framlegg driftsbudsjett 2015" på side 5 i budsjettdokumentet og i samsvar med budsjettskjema 1A og 1B på side 12 i dokumentet med slik endring:
 - Utbyte frå :Aurland Energiverk AS vert redusert til 1.5 mill kr. Avsetning til konsesjonsavgiftsfondet vert redusert tilsvarande.
 - Ansvar 110: Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak med styrking av personalarbeidet.
 - Ansvar 210 Ramme vert auka med kr. 600.000,-
 - Ansvar 230 Ramma vert auka med kr. 150.000,-
 - Ansvar 900: Båtskyss Aurland – Sogndal vert auka med 1.5 mill kr.
 - Ansvar 900 :Næringsarbeid 700.000,-
 - Finansiering: Budsjettet blir saldert med at overføring til investering med kr. 750.000,- og resten med avsetjing til konsesjonsavgiftsfondet
2. Investeringsbudsjettet blir vedteke i samsvar med tabell "Investeringar 2015" på side 8 i budsjettdokumentet og i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B på side 13 i dokumentet med slik endring:
 - Banebelysning fotballbana vert redusert med 750.000,-
3. Inntektsskatt og formueskatt til kommunen blir sett i samsvar med vedteke statsbudsjett. Marginavsetjing blir sett til 10 % av innbetalt skattebeløp.
4. Eigedomsskatt på verk og bruk vert å skrive ut med 7/1000 av takst eller likningsverdi.
5. Satsar på brukarbetaling blir vedteke i samsvar med gebyrhefte. For vatn og avløp er satsane uendra. Feieavgift er auka med kr 100. Gebyr for lokal godkjenning av ansvarsrettar i byggesaker vert auka frå kr 439,- til kr 900,-. For dei andre er det lagt inn ein generell auke som er lik kostnadsdeflatoren (forventa prisvekst) på 3,3 %. Det er gjort nokre avrundingar.
6. Renovasjonsgebyr til Simas: Auke i renovasjonsgebyret på 2,5 %. Slamgebyr er uendra. Dette er i tråd med famlegg til driftsbudsjett vedteke av representantskapet i Simas IKS.
7. Det blir teke opp lån med kr 2.650.000 i 2015 til investeringar. Rådmannen får fullmakt til å inngå lånevilkår.
8. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå lønsreguleringsfondet til einingane når lønsoppgjeret for 2015 er klart.
9. Rådmannen får fullmakt til å disponere avsetningar til prisreguleringsfond, HMT – fond og kompetansehevingsfond gjennom året.
10. Drifts- og eigedomsutvalet får fullmakt til å disponere avsetning til vedlikehaldsfondet.

.....

18.12.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møte:

Merknader frå Utdanningsforbundet og Aurland Idrettslag vart delt ut til gruppene.

Framlegg frå Anita Lærum

Ansvar 310: Ramma vert auka med 3 mill.kr. 11 røyster

Disposisjonar: Kartlegging av heile organisasjonen, i kommande år.

Kartlegginga skal gje grunnlag for god politisk styring, tenesteyting med høg kvalitet, positiv utvikling av lokalsamfunnet og ein effektiv administrasjon, den skal omfatta organisering, leiding, drift og arbeidsmiljø, inntil kr. 650.000,-

Finansiering ved bruk av disposisjonsfondet. 14 røyster

Framlegg frå Kristine Grønner Ohnstad:

Ansvar 900: Nærøyfjorden Verdsarvpark 200.000 Vedteke mot 3 røyster

Svein Tufte og Erling M. Nesbø deltok ikkje under avrøystinga:

Framlegg frå Johannes Dalsbotten:

Nye investeringar i 2015:

Oppgradering veg Ryum 2.700.000 Samrøystes

Forprosjekt symjehall 1.000.000 Samrøystes

Banebelysning fotballbana 750.000 Samrøystes

Opprusting Flåm kyrkje 4.000.000 Samrøystes

Monica Finden gjekk frå som ugild, Kjetil Lien Nilsen vara

Turveg Heggvikji Bøen 400.000 Vedteke mot 3 røyster

Tilrettelegging næringsareal 500.000 Vedteke mot 2 røyster

Sum 9.350.000

Finansiering:

Mva refusjon	1.870.000	
Lån med rentekompensasjon (Flåm kyrkje)	4.000.000	
Auka bruk av konsesjonsavg.fondet	3.480.000	
Sum	9.350.000	Samrøystes

Audhild Rogdo bad om gruppemøte.

RØYSTING:

Heile budsjettet inkl. skatter og avgifter: Samrøystes

KS-087/14 VEDTAK:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med tabell "Framlegg driftsbudsjett 2015" på side 5 i budsjettdokumentet og i samsvar med budsjettskjema 1A og 1B på side 12 i dokumentet med slik endring:

- Utbyte frå :Aurland Energiverk AS vert redusert til 1.5 mill kr. Avsetning til konsesjonsavgiftsfondet vert redusert tilsvarande.
 - Ansvar 110: Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak med styrking av personalarbeidet.
 - Ansvar 210 Ramma vert auka med kr. 600.000,-
 - Ansvar 230 Ramma vert auka med kr. 150.000,-
 - Ansvar 300 Ramma vert auke med kr. 3.000.000,-
- Disposisjonar: Kartlegging av heile organisasjonen, i kommande år.

Kartlegginga skal gje grunnlag for god politisk styring, tenesteyting med høg kvalitet, positiv utvikling av lokalsamfunnet og ein effektiv administrasjon, den skal omfatta organisering, leing, drift og arbeidsmiljø, inntil kr. 650.000,-

Finansiering ved bruk av disposisjonsfondet.

- Ansvar 900: Båtskyss Aurland – Sogndal vert auka med 1.5 mill kr.
Nærøyfjorden Verdsarvpark 200.000
Næringsarbeid 700.000,-

- Finansiering: Budsjettet blir saldert med at overføring til investering med kr. 750.000,- og resten med avsetjing til konsesjonsavgiftsfondet

2. Investeringsbudsjettet blir vedteke i samsvar med tabell "Investeringar 2015" på side 8 i budsjettdokumentet og i samsvar med budsjettskjema 2A og 2B på side 13 i dokumentet med slik endring:

Oppgradering veg Ryum	2.700.000
Forprosjekt symjehall	1.000.000
Banebelysning fotballbana	750.000
Opprusting Flåm kyrkje	4.000.000
Turveg Heggvikji Bøen	400.000
Tilrettelegging næringsareal	500.000
Sum	9.350.000

Finansiering:

Mva refusjon	1.870.000
Lån med rentekompensasjon (Flåm kyrkje)	4.000.000
Auka bruk av konsesjonsavg.fondet	3.480.000
Sum	9.350.000

3. Inntektsskatt og formueskatt til kommunen blir sett i samsvar med vedteke statsbudsjett. Marginavsetjing blir sett til 10 % av innbetalt skattebeløp.
4. Eigedomsskatt på verk og bruk vert å skrive ut med 7/1000 av takst eller likningsverdi.
5. Satsar på brukarbetaling blir vedteke i samsvar med gebyrhefte. For vatn og avløp er satsane uendra. Feieavgift er auka med kr 100. Gebyr for lokal godkjenning av ansvarsrettar i byggesaker vert auka frå kr 439,- til kr 900,-. For dei andre er det lagt inn ein generell auke som er lik kostnadsdeflatoren (forventa prisvekst) på 3,3 %. Det er gjort nokre avrundingar.
6. Renovasjonsgebyr til Simas: Auke i renovasjonsgebyret på 2,5 %. Slamgebyr er uendra. Dette er i tråd med famlegg til driftsbudsjett vedteke av representantskapet i Simas IKS.
7. Det blir teke opp lån med kr 2.650.000 i 2015 til investeringar. Rådmannen får fullmakt til å inngå lånevilkår.
8. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå lønsreguleringsfondet til einingane når lønsoppgjeret for 2015 er klart.
9. Rådmannen får fullmakt til å disponere avsetningar til prisreguleringsfond, HMT – fond og kompetansehevingsfond gjennom året.
10. Drifts- og eigedomsutvalet får fullmakt til å disponere avsetning til vedlikehaldsfondet.